

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim



KONSERT MED EDVARD OG INE HOEM

Onsdag 02.april kl. 19.00

Dette er datoen kyrkja vart innvia i 1865. I denne samanheng inviterer vi til konsert med Edvard og Ine Hoem. Far og dotter Hoem har opplevd stor suksess på kvart sitt felt. Edvard Hoem har gleda lesarar over heile Norge gjennom fleire generasjoner, mellom anna med romanane om forfedrane hans som utvandret til Amerika, og Ine Hoem har gjort stor suksess med sin smakfulle visepop med songar som «Jeg vil aldri hjem», «Vi trenger ikke hage vi» og "Broren din"

Billetter får du på Ticketco, evt gå inn via www.austrheimkyrkja.no
Billettpris kr 350,- evt gå inn via www.austrheimkyrkja.no

Kyrkjebakken nr. 3 – 2025 – Mars – årgang 54- Nytt stoff innan 20.april



**LYS
VÅKEN**

KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Stein Hugo Fykse	909 60 154
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as



Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat
for eventuelle endringar.

Søndag 30.mars kl. 12.00

Jubileumsgudsteneste

Onsdag 02.april kl. 19.00

Konsert Edvard og Ine Hoem

Tysdag 08.april

Fasteaksjonen

Ta godt imot bøssebærarane

Søndag 13.april

kl. 18.00 - Sjå vi går opp til Jerusalem

Torsdag 17.april

kl. 19.00 – Skjærtorsdagsgudsteneste

Søndag 20.april – kl. 12.00

Påskedagsgudsteneste

Onsdag 30.april

kl. 11.00 - Bygdatreff

UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

Frist innlevering:	Kyrkjebakken kjem ut:
20.april	29.april
30.mai	14.juni
15.august	27.august



Det tomme korset

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kirkeklokkene ringer påskehøytiden inn påskeaften, gir de vitnesbyrd om at kirkehuset er bærere av historie og kontinuitet i bygdene og byene våre. Til sammen danner de en lenke som binder oss til hverandre. Det er som de synger oss sammen.

I vårt bispedømme er vi bevisste om en tusenårig historie med lag på lag av menneskets tro og tilbedelse. Stenene og veggene i kirkehuset er levende fordi de har tatt imot smerte og lidelse, glede, kjærlighet og sorg fra dem som har vært her før oss. De speiler lengsel etter Gud og guds nærvær.

Det paradoksale er at de også gir rom for å synliggjøre Guds fravær. Det sterkeste symbolet i kirkerommet vil alltid være korset. Symbolinnholdet i korset er flertydig. Den er et dødsinstrument. Den er tegnet på oppstandelsen, og den uttrykker foreningen mellom Gud og mennesker i Jesus Kristus. Korset, slik vi kjenner det, vil alltid være knyttet sammen med påskens budskap: Jesu lidelseshistorie, hans død og oppstandelse.

I påskefortellingen sine dramatiske døgn er det også en tid da verdenen ikke har noen Gud. Frelseren er i denne timen død. I kirkekunsten kommer det til uttrykk i motivet som skildrer hvordan Jesu døde kropp blir tatt ned fra korset. Et likklede blir strukket mellom korsarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å være av kjøtt og blod som resten av oss. Og tross i at vi som ser motivet også vet at bare om et lite antall dager, på påskemorgen, skal kristne over hele verden jublende synge «Kristus er oppstanden», er det som om vi ennå en

tid må leve med et åpent spørsmål uten et selvsagt svar. – Hva vil skje med oss? Kan virkelige livet seire over døden?

Verdens angst og menneskets opplevelse av det meningsløse, av gudsfraværet, må også ha sitt sted. For hvis vi ikke tør å sette ord på at det er slik, kan vi heller ikke tale troverdig om at Gud som lider og dør langfredag, samtidig deler alle menneskers langfredager. Og at oppstandelsens glede og livskraft en dag skal bli alle menneskers glede og livskraft.

Vi trenger budskapet om håpet og om den tomme graven. Vi trenger det i vår del av verden, vi trenger det over hele verden. Vi trenger det nå! For verden er rammet av krefter som vil vondt. Det er vanskelig å ta inn over seg den mengden av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtiden kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinner over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikke løfte om et liv hvor alt er godt og smerten ikke skal være. Livet har lært oss at dagene kan være mørke og sorgen kjennes som en klo i brystet som aldri slipper taket.

Men de kreftene Jesus tar oppgjør med i gravkammerets rom, de skal ikke ta overhånd. De skal ikke seire. For Livet og Håpet er sterkere!

Døden må vike for Gudsrikets krefter! Livet er gjemt i et jordekket frø. Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve. Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)



KILSTRAUMEN
BRYGGE

**ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD**

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Tusen takk

Tusen takk for all omtanke, fine blomster og helsingar i forbindelse med vår kjære mamma sin gravferd Aslaug Johanna Fredriksen.

Alle på Nordliheimen og i heimesykepleien skal ha ein ekstra tusen takk for god pleie og omsorg i alle åra ho hadde bruk for hjelp og omsorg.

**Helsing Irene, Frode og
Torunn med familie.
Takk**

Tusen takk

Tusen takk til diakoninemda for fin helsing på min 89 årsdag.

Helsing Idar Kaland

Takk

til diakoninemda for sjokoladen eg fekk til min 80 års dag og takk til dei som kom med den.

Helsing Ragnvald Meling

Austrheim sokn

Gravlagde

04.03: Torunn Herlaug Helland Karlsen
f. 1945

20.03 Atle Ingvar Bakke f. 1934

21.03 Hildur Alise Isaksen f.1938

Døypte

16.03:

Bo Filip Minde Janøy

Hjartleg takk

til diakoninemda for hjertesjokoladen og beøket som eg fekk til 80 års dagen min.

Helsing Gunnar Nilsen

Takk

til diakoninemda for hjertesjokolade og helsing på 80 års dagen min. Og takk til Målfrid for ein hyggeleg prat.

Helsing Odd Kjell Pedersen

Hjartleg takk

til foreininga kyrkjeprydna, diakoninemda, venner og familie for helsingar og besøk på 90-års dagen min.

Helsing Aslaug Sætre.

Tusen takk

Tusen takk for gode ord, omtanke, blomer og helsingar i samband med vår alles kjære Torunn sin bortgang.

Torunn fekk ein fin seremoni i kyrkja. Stor takk til Rune, Jostein og Jon Martin.

Meir enn 100 var med og sytte for ein hjartevarm og god minnestund i Kilstraumen etterpå, takk til alle som kom og var med.

Ein ekstra takk til Jon Martin Skauge for song og musikk.

Heimesjukepleien og Jarle Gallefoss var til stor støtte og hjelp dei siste vekene Torunn levde.

Takk også til dei som har gitt til GHTAC VIPPS til 121955

**Helsing Kjell-Tore,
Vibeke, Tor-Eivind, Bjarte André
og barnebarna**

Jubileumsgudsteneste



**Søndag 30.mars
kl. 12.00**

**Vi feirer at kyrkja er 160 år
og skal markera at Leif Arne Økland
går av med pensjon**

**Blir med på ei kjekk gudsteneste
med innslag av m.a knøttekoret.
Kyrkjekaffi med masse gode kaker etterpå**

Møt vår nye kyrkjemusikar Lyder Minde Janøy



Han bur like ved kyrkja og kan faktisk sjå inn i stova frå orgelkrakken. Der bur han saman med kona Reidun og sine to born Fiona (2 år) og Bo Filip (6 mnd). Grunnen til at han bur på Strindane er at Reidun sin far har sine røter her i frå. Ho er dottera til vår tidlegare sokneprest Rune Minde, så banda til Austrheim starta lenge før dei flytta til Austrheim for snart eitt år sidan. Lyder har jobba dei siste åra med medieproduksjon, men han har si utdanning frå Berklee College of Music i Boston. Der utdanna han seg til pianist. Han har og erfaring frå forsongarteneste, både som songar og som pianist, og har sunge i kor i fleire år. Lyder er veldig opptatt av orgel- og kormusikk, og ser på

dette som viktige elementar i å skape eit rikt og variert musikalsk liv i kyrkja. Han brenn for å skape engasjerande musikalske opplevingar som kan styrke fellesskapet og trekke lokalsamfunnet nærare kyrkja. Me ser veldig fram til å få Lyder som vår nye kyrkjemusikar.

***Ta godt i mot
han og familien.***

ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 23. mars. 11:00 Søndagsmøte, Lars Arne Markhus talar.

Mandag 31.mars kl. 17:00 Ønskekonsernten.

Søndag 6. april, 11:00. Søndagsmøte, Asle Hetlebakke talar.

Søndag 21. april, 11:00. Søndagsmøte m/nattverd. Reidun Skurtveit talar.

Søndag 4. mai, 11:00. Søndagsmøte, Solveig Hosøy talar.

Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30



**Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.**

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no

*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

VATNE
begravelsesbyrå

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsto

vatne-byra.no

NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.
Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvi H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug

Austrheim kyrkje 160 år

Onsdag 26.mars kl. 11.00

Bygdatreff - Fortellingar om kyrkja og kyrkjefolk

Søndag 30.mars kl. 12.00

Gudsteneste med markering av 160-årsjubileum

Onsdag 02.april kl. 19.00

Jubileumskonsert med Edvard Hoem og Ine Hoem

Søndag 13.april kl. 19.00

Sjå vi går opp til Jerusalem

Torsdag 29.mai kl. 12.00

Kristi himmelfartsdag - Utegudsteneste ved kyrkja

Søndag 15.juni

Konsert med Jon Martin Skauge

Open kyrkje med utstilling i juli

Mandag 18.august kl. 19.00

Kjerringrokken Temakveld med Frode Brügger Sætre

Torsdag 24.september kl. 19.00

Temakveld med Stein Hugo Fykse

Søndag 19.oktober kl. 19.00

Salmekveld med forsongargruppa

Mandag 03.november kl. 19.00

Kjerringrokken Temakveld med Mona Rosvold

Søndag 07. des kl. 18.00

Julekonsert

NB! med atthald om endringar.
Følg med i kyrkjebakken, heimeside og facebook



Du kan gjere ein skilnad!

Krigar og konflikhtar, politiske spenningar og klimaendringar – verda kjennest meir uroleg enn på lenge. Akkurat no er di og mi hjelp viktigare enn nokon gong.

Krigen i Gaza og krigen i Ukraina har prega nyheitsbileta lenge. Rapportar om tørke, flaum, brannar og rekordheite kjem stadig, og frå mange kantar av verda. Samstundes går ei rekkje enorme humanitære kriser vi knapt høyrer om, føre seg, som krigen i Sudan. På toppen av dette ser vi nå dramatiska kutt i bistand til verdas fattige frå den største bidragsytaren av alle, USA.

Det er lett å bli motlaus. Men det er nettopp i desse dagar vi må samle alle gode krefter og gjere kva vi kan for dei mest sårbare. Du har høve til å vere med på å gjere ein skilnad. Den nest største bøsseaksjonen i landet er i gang – Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

To veker før påske kvart einaste år går rundt 40.000 bøsseberarar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I fleire tiår har norske konfirmanter vore med på denne enorme dugnaden, som gjer det mogleg å rykke i kriser. I Austrheim kjem konfirmanter og andre frivillige og samlar inn pengar tysdag 08.april. Med pengar frå denne innsamlingsaksjonen har det vore mogeleg å vere til stades for millionar av menneske som treng det mest.

Kirkens Nødhjelp nådde til dømes ut til over ein halv million menneske i Gaza i fjor med mellom anna vatn, mat og hygienepakkar. Vi deler ut naudhjelp til krigsofre i Sudan, og i Ukraina bidrar vi mellom anna med vatn, arbeid på mental helse og gjenoppbygging av infrastruktur.

I Zambia og store delar av sørlege Afrika har det vore ei langvarig tørke. Mange



avlingar har kollapsa, men menneske som fått tilgang til vatn og lært klimasmart landbruk, har likevel klart å dyrke mat. Blant dei er Previncia på 13 år og familien hennar, som Kirkens Nødhjelp har møtt i samband med fasteaksjonen.

Fordi dei har klart å dyrke grønnsaker, har dei unngått svolt, og dei har fått inntekter. Difor har tenåringen fått både sko, klede og skulebøker av mora si.

Takka vere det store engasjementet til konfirmanter og kyrkjelydar, kan menneske få eit betre liv.

Vi ser at det nyttar! Vi håpar du og vil vere med på å gjere ein skilnad.


ÅRSMØTE

i Austrheim sokn Onsdag
26.mars kl. 19.00 på
kyrkjelydshuset

Det vert også gjennomgang
av årsmeldinga og tid til god
kveldsmat og prat rundt borda.
Du er hjarteleg velkomen



DEN NORSKE KYRKJA
Austrheimkyrkja



Møt Anita Østerbø - forfatteren bak suksessen "Skammens mødre"

Austrheim folkebibliotek
Torsdag 27. mars kl 19.00

Anita Østerbø sin bestseljande romanserie "Skammens mødre" er basert på verkelege historiar om aleinemødrene sin tøffe kamp i Noreg, frå 50-tallet og framover mot vår tid. I "Frihetens smerte", den tredje boka i serien, er 80-åra i gang, og barna som vaks opp i første bok, er sjølv blitt foreldre.

Enkel servering

GJE VATN TIL DEI SOM TRENG DET MEST

Tysdag 08.april



DET ER HÅP I EIN DROPE VATN

I landsbyen Shyroke i Ukraina har Kirkens Nødhjelp hjulpet til med å byggja bomberom med toalett og tilgang til vatn på skulen til Anna. Men nesten 800 millionar menneske lever framleis utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje vatn til dei som treng det mest!

Vipps 300 kroner for å gje ein person varig tilgang til reint vatn.

VIPPS til 2426



Min Salme

Karine Monslaup



Eg hørde ein bibeltime som tok utgangspunkt i Kolossarbrevet. Der vart eit viktig poeng lagt fram om at når me prisar Herren i lovsong så må me gjere det heilhjarta (Kol 3,16b). Eg relaterer til situasjonen; Det hender så fort etter ei lang veke, at ein under lovsongen på søndagen, oppdagar at orda flyt forbi på leppene, medan ein tenkjer på husarbeid, bursdagsfeiringar, eksamenar og andre element av kvardagen. Bodskapen vert ikkje oppfatta, lovsongen vert ikkje heilhjarta.

I valet av min salme enda eg opp med: Han er oppstanden, Halleluja! Refrenget i denne påskesalmen minner oss om at Herren er verdig all lov og pris.

Eg gjenoppdaga denne salmen førre påske, då eg vart merksam på at den vart sun-gen på mitt eige bedehus, men også i Vike kyrkje og på Romarheim bedehus, som eg besøkte den påska. Tanken spira i meg at i heile landet, ja heile verda kunne kristne synge denne songen. Det er godt at eit slikt budskap kan formidlast. Salmen vart liggjande bak i hovudet, melodien er forresten veldig lett å få på hjernen, og eg tok meg sjølv i å ofte tenkje på den i ettertid.

Noko av det eg likar best ved denne salmen er fokuset på at Jesus ikkje er død. At Han tok våre synder så me kan stå skuldfrie framfor Gud ein dag, er ingen lita sak og er verd å hugse, så ein kan lovsynge heilhjarta.

**Han er oppstanden, halleluja!
(salme 204)**

Han er oppstanden, halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.

Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn.
Han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!

Tre dagers dødens fange han var,
før han stod opp og seiren var klar.
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.

Ref...

Engelsen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp - som selv han har sagt.

Ref...

Gå å fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav.
Gav det for oss og kjøpte oss fri.
Frelse og fred han alle vil gi.
Ref...



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



BoschCarService.no

For everything your car needs.

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15



Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule. Inngang ved den gamle naturfagsalen, i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

GOD BOK



KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætre marka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætre marka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgnet.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:
08.30-15.00

Telefontiden er:

Mandag til Fredag 09-12 og 13-14.

Torsdag 09.30-12 og 13-14.

**INGEN RESEPTBESTILLING
MÅNDAGAR!**

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Høyrselekskontakt i
Austrheim 56 16 21 23



FRILUFTSLIVETS ÅR 2025

«HEILE NOREG BÅLAR»

Startskotet vart markert 18. januar med at det i kvar bygd og by, frå sør til nord vart fyrt opp bål, også i Austrheim.

Dette året er det difor ei ekstra oppmoding til å samlast til turar, og varmen frå bål.

Austrheim sin visjon er: **Aktiv kvar dag, heile livet! Det gir god folkehelse!**

TURSTIGRUPPE

Austrheim kommune skal «revidera planen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv». Difor vil me no samarbeida med grendalaga og sanitetslaga i kommunen og Lindåsneset/Litlås. Målet er å få til turar ein fast dag i månaden der alle turløypene blir besøkte etter ein oppsett turkalendar. Kvart lag stiller med turvertar. Men sjølv sagt må me nytta dei fine turløypene våre så ofte me kan heile året. Inviter gjerne med familien og naboar.

Tiltaket er meint å også vera eit «lavterskel-tilbod» til alle, bidra til betre folkehelse og skapa sosiale møteplassar. Kanskje det blir moglegheit for historiske eller kulturelle innslag frå turområdet.

Første turen er sett til 12. april kl. 12 ved dagsturhytta ved Vardetangen i samband med opning av stolpejakta i Austrheim. Leiaren frå Knarvikmila vil orientera om stolpejakta, og ordførar Morten Sognnes vil klippe snora.

2. turen er 29.5 til Solvang i Hoplandsmarka kl. 18 (parkera ved kyrkja).

3. turen er 28.8. i Øksnesmarka (parkera ved grendahuset)

Ingen turar i juni og juli. Kjem attende til dei andre turane seinare. **Pakk sekken og bli med!**

Helsing
Bakkøy grendalag, DRØ-vel (Dyrnes, Rebnor, Øksnes vel), Fonnes bygdelag, Hopland grendalag, Kjeilen vel, Krossøy grendalag, Lerøy vel, Lindåsneset sanitetslag, Kvalvågen grendalag, Førland og Solen velforening og Årås sanitetsforening.

Sjå turkalendar, evt. ta kontakt med Kari Utkilen, Øystein Austrheim, Anne-Margrete H. Øksnes

SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM

Eit møte med
påskebodskapen
i bilete, tonar og ord.



Austrheim kyrkje
PALMESØNDAG
13. april kl. 18.00

Musikk:
Hermund Rebnord
Songinnslag:
VELKOMEN!



Austrheim sogelag inviterer til

Kulturminnevandring

søndag 6. april kl 13.00

Oppmøte Equinor p-plass

Vi rusler mot hovedporten, hilser på trollet og får litt historie om gamle grenser, stedsnavn og utbygging.

Videre går/kjører vi til Sanitetshuset og vandring på Litlås, før vi avslutter dagen med varm suppe og brød samt kaffe/kake på Sanitetshuset.



Velkommen alle!
hilsen lagsstyret



Lys våken

Tenk å få lov til å overnatte i kyrkja! Det var nettopp det som skjedde 15. til 16.mars. Trusopplæraren vår Amelie inviterte 5.klassingane til ein kjekk laurdagskveld med mange aktivitetar på kyrkjelydshuset. Då kvelden kom gjekk dei i tog med lyktene dei hadde laga bort til kyrkja der dei fekk prata saman, høyrte fortellingar og laga bønner. Så var det tid for soving..... kanskje ikkje så mykje soving, men det var ei kjekk overnatting.

Det var 20 born som var med på Lys Våken saman med Amelie, Stein Hugo og fleire frivillige. Lys Våken vart avslutta med gudsteneste der dei var med i inngangsprosesjon, fortalte om opplevingane sine og var med og tente lys. Takk for ei kjekk stund saman!

**LYS
VÅKEN**